

Sensorvegleing STV1501 H-2022

Begge oppgåvesett er relativt krevjande i den forstand at dei krev god oversikt på tvers av pensum. For å få god karakter skal studenten svare på (alle delar av) oppgåva. Poenget med eksamen er ikkje å skrive alt ein kan; det skal vera relevant. Gode grunngjevingar og drøfting trekker opp. Utanomsnakk kan i verste fall trekke ned, særleg viss det fører til at ein ikkje rekk å svare på alt. Oppgåvene i kvart sett tel i utgangspunktet likt, men sensor skal likevel gjera ei heilskapsvurdering. Ei heilt blank deloppgåve gir F på den deloppgåva.

Oppgåve 1.

a) *Kva for rolle spelar kommisjonen, (minister)rådet, Europaparlamentet og medlemslanda i vedtaksprosessen i samband med utviding av EU til nye land?*

Her er vi først og fremst ute etter formelle vedtaksprosessar. Forholdet mellom EU-institusjonane går til kjernen av det kurset handlar om, så her bør alle få til noko. Men for å svare godt, krevst det god oversikt over vedtaksprosedyrar i EU.

Nokon vil kanskje starte med å gjera greie for samansetjinga av institusjonane og funksjonane deira i generelt. Det er greitt så lenge dei også svarer på spørsmålet. Nokon vil kanskje gjera greie for alle dei ulike vedtaksprosedyrane i EU. Det er også greitt, så lenge dei også får fram kva for prosedyre som blir brukt i samband med utviding av EU til nye land. Det held ikkje å gjera greie for institusjonane og forholdet mellom dei generelt. Viktige poeng som bør vera med er at det er kommisjonen som forhandlar på vegne av EU, og at rolla til Europaparlamentet er ganske avgrensa.

b) *Gjer greie for EUs utvidingsbølgjer, med hovudvekt på den fjerde og den nåverande utvidingsbølgja. Korleis har kriteria for EU-medlemskap endra seg over tid?*

Her må studentane som eit minimum kunne gjere å liste opp kva for land som høyrer til i kvar av utvidingsbølgjene og når landa vart medlemmar. Gode studentar gjør også å seia noko om kva som skil dei ulike bølgjene frå kvarandre, inkludert hovudkategoriane til Jano. I andre del er eit hovudpoeng at kriteria for medlemskap er stramma inn over tid. Her må kandidatane minst kjenne til København-kriteria.

c) *Drøft med utgangspunkt i pensumlitteraturen om EU-medlemskap for Ukraina er sannsynleg i nær framtid og kvifor (ikkje).*

I og med at Ukraina fekk kandidatstatus i juni 2022, manglar det direkte pensum på oppgåva. Det kan derfor ikkje forventast altfor mykje kunnskap om Ukraina. Men gode studentar bør kunne bruke bidraga til Jano (om Vest-Balkan) og Schimmelfennig (2001, 2021) til å reflektere over dette. Vi har også snakka litt om det på forelesing. Det er ingen fasit her, og kandidatar som reflekterer godt bør premierast. For å få god karakter bør resonnementa forankrast tydeleg i pensumlitteraturen.

d) Gjer kort greie for kva som er meint med «democratic backsliding», og drøft kva EU kan gjera for å hindre dette.

Omgrepet er primært dekt i Sitter og Bakke, men verkemidla er også nemnt på forelesing og i artikkelen til de la Porte og Jensen. Vi forventar ikkje at kandidatane gjengir definisjonen ordrett, men dei må vise at dei har forstått kva «democratic backsliding» går ut på. Blant medlemslanda i EU har dette i hovudsak vore eit problem i Ungarn (etter 2010) og Polen (etter 2015). Eit hovudpoeng er at da den demokratiske tilbakegangen starta i Ungarn, hadde EU eit ganske avgrensa sett av verkemiddel, og viljen til å bruke dei var heller ikkje alltid til stades. Det er eit pluss om studentane har oversikt over dei viktigaste verkemidla og når dei vart innført, men ikkje noko absolutt krav for god karakter. Veldig gode studentar kan også seia noko om kvifor det har vore vanskeleg for EU å gripe inn.

Oppgåve 2.

a) Gjer kort greie for EUs vedtaksprosedyrar. Kva for rolle spelar kommisjonen, ministerrådet og Europaparlamentet under den alminnelege lovgjevingsprosedyren?

EUs vedtaksprosedyrar er dekt i læreboka, og er dessutan gjennomgått på forelesing. Her bør alle få til noko. Nokon vil kanskje nemne samansetjinga av kommisjonen, ministerrådet og Europaparlamentet. Det er heilt fint, så lenge dei også svarer på spørsmålet. Olsen et al går detaljert gjennom den alminnelege lovgjevingsprosedyren, men nemner også hovudtrekk ved dei andre. Nokon vil kanskje også nemne den opne samordningsprosedyren. Det er ikkje nødvendig, men absolutt ikkje negativt. Det er eit pluss om studentane veit kva den alminnelege lovgjevingsprosedyren heitte før, når den vart innført, og kva for politikkområde den dekkjer (og ikkje). Andre del av oppgåva føreset at studentane veit kva prosedyren går ut på. Dei bør som eit minimum ha fått med seg at kommisjonen har initiativrett og at ministerrådet og Europaparlamentet er likestilte lovgjevarar. Gode studentar kjenner meir detaljert til gangen i prosedyren, inkludert komitéarbeid, voteringsreglar, trilogar og lesingar.

b) Gjer greie for partigruppene i Europaparlamentet. Drøft i kva grad og kvifor (ikkje) medlemmar av same gruppe stemmer likt i avstemmingar i Europaparlamentet.

Kandidatane må som eit minimum forklare kva ei partigruppe i Europaparlamentet er og ha oversikt over minst tre av dei sju gruppene som finst i dag. På andre del av oppgåva bør studentane ha fått med seg at MEPs stemmer saman med partigruppa si i mykje større grad enn etter land, at denne tendensen har forsterka seg over tid, men at det er forskjell på gruppene. Pluss for å nemne at Europaparlamentet som heilskap har vorte meir ideologisk splitta, og for å nemne dei to konfliktdimensjonane. Det er ikkje forventa at studentane går djupt inn i det tekniske rundt roll call-votes, men pluss til dei som nemner det. Gode studentar resonnerer godt rundt kvifor MEPs stemmer med gruppa – og gjerne kvifor dei i enkelte tilfelle ikkje gjer det.

c) I kva grad er val til Europaparlamentet andrerangsval (second order elections)?

Her er det rimeleg å seia noko om kva som ligg i omgrepet andrerangsval, og kva dei opphavlege hypotesane til Reif & Schmitt gjekk ut på. Dette er grundig dekt i Hix & Marsh, og nemnt i begge lærebökene + på forelesing.

Element som bør vera med:

- logikken bak tesen om Europaparlamentsval som andrerangsval
- i kva grad kvar av hypotesane til Reif og Schmitt får støtte i Europaparlamentsval generelt og i 2019-valet spesielt. Gjerne også seia noko om variasjon mellom land.
- i kva grad EU-spørsmål spelte ei rolle i valet, og gjerne kommentere dette med Spitzenkandidatar, som fleire av pensumbidraga legg vekt på.

Pluss for å nemne at resultata til Plescia et al ikkje nødvendigvis er representative, sidan dei berre byggjer på data frå åtte land (skeivt utval). Det kan ikkje ventast mange detaljar frå denne artikkelen, da den kanskje er metodisk litt for avansert på BA-nivå. Men det er vanskeleg å svare godt på denne oppgåva utan å ha lese artikkelpensum.

d) Drøft i kva grad endringar i forholdet mellom Europaparlamentet og andre EU-institusjonar i samband med Lisboa-traktaten har påverka EUs demokratiske underskot.

Her må studentane både kjenne til endringar i maktforholdet mellom Europaparlamentet og ministerrådet etter Lisboa og hovudelementa i det demokratiske underskotet, slik dette blir framstilt i litteraturen. (Det er rett nok ikkje eksplisitt spurt om kva det demokratiske underskotet går ut på, men det er vanskeleg å svare godt på del 2 av oppgåva utan). Det er ikkje urimeleg å ta utgangspunkt i Føllesdal og Hix' fempunktsliste (heile lista), men det er også greitt om studentane avgrensar seg til punkt 2 og evt 3.

Eit hovudpoeng er at Europaparlamentet har fått styrka makta si gjennom at den alminnelege lovgjevingsprosedyren nå blir brukt i eit stort fleirtal av sakene. På den andre sida er val til Europaparlamentet framleis andrerangsval. Føllesdal og Hix si hovudinnvending er likevel at dagens system framleis ikkje gir rom for reell konkurranse om makt, og at det er vanskeleg å stille beslutningstakarane til ansvar. Her finst det ikkje noko fasitsvar, og kandidatar som reflekterer godt bør premierast.